

KONTAKTBLAD FOR **HJARTDAL**  
Nr.44 Mars 2013

# **HISTORIELAG**

---

*Velkommen til*  
*årsmøte 2013*

*Menighetshuset, Sauland*  
*Onsdag 20.mars kl. 19.00*

*Vanlege årsmøtesaker*  
*Ivar T. Dahl kåserer*

## Vedtektene

Det har skjedd svært lite av endringar i vedtektene for Hjartdal historielag sidan laget blei stifta i 1989.

Difor har vi sett som eit punkt på saklista til årsmøtet at vi ser litt på dette. Vi tenker oss ein gjennomgang av eksisterande vedtekter og ein uformell diskusjon, gjerne høgttenking, omkring det som eventuelt kan vere aktuelt å forandre på.

## Arven etter Hjartdal Museumslag.

Historielaget var i november saman med kultursjef Bjørn Rugaas og Olav Tho på synfaring på Sud-Åbø i Hjartdal. Vi såg nærare på ei samling gamle ting som tidlegare har vore i Hjartdal Museums-lag sitt eige. Vi blei vist rundt av den nye eigaren på Su-Åbø, Runar Wårstulen. Kommunen er i dag eigar av gjenstandane, og det skal i desse dagar underteiknast ei avtale med Runar Wårstulen for å sikre gjenstandane for framtida.



## Årbøkene

Vi fekk før jul ut årbok nr.2 frå HHL. Igjen kan vi takke for gode tilbakemeldingar og skryt av boka frå mange hald.

Målet er å få ut ei bok til av om lag samme slag i 2013. Etter det vil vi foreta ei evaluering av prosjektet og bestemme oss for kva vi gjer med årbok vidare framover.

Det er økonomien som er det springande punkt for utgjevinga. Hjartdalsbygdene har eit lite folketal og dette gjer at opplaget ikkje kan bli stort. Vi har greidd å dekke utgiftene, men heller ikkje stort meir. I alle fall er vi avhengige av eit auka salg om det skal bli bøker i framtida.

De som les dette har alle fått bøkene, men vi ser gjerne at alle hjelper til med å spreie fleire eksemplar:

***Tips utflytte hjartdølar om boka,  
og bruk henne som gåve  
ved så mange anledningar de kan!***

Og bidrag frå medlemmer og andre er velkomne. Ikkje la dykk skremme av at det har vore mange store og svært velskrivne artiklar i dei første bøkene. Vi tar gjerne i mot kortare stykke. Og om du ikkje kjenner deg i stand til å skrive sjølv men har stoff du meiner kan ha interesse, ordnar vi skrivinga etter samtale og ev. lydopptak.

## Kontingent 2013

Kontingenten for 2013 kan betalast med bankgiroen som er med i dette bladet.

Ver nøye med å skrive namnet ditt i ruta for melding til mottakar om du bruker nettbank.


Det ser ut til at kontingenten i år også vil gje medlemmene år-boka gratis. Seinare skal vi vurdere denne ordninga.

Veit du om fleire, innanbygds eller utanbygds, som kan vere interesserte i medlemskap, så be dei ta kontakt med Svein Bakkalia på tlf/sms.: 97535468 — eller betale 200 kr til 2699 07 04332.

## Litt om aktivitetar framover

*Førebels er det meste av dette under planlegging. For sikre opplysningar sjå etter plakatar, og annonser i Telen.*

- Ny film om stulsdrift i Tuddal blir vist  
søndag 24.mars kl.16.00 - på Tuddal skule.  
Filmen er laga av Bjarne Nysveen som også sto bak filmen om Bondal bygdetun i 2003.  
Hjartdal historielag og Stiftelsen Bondal bygdetun, står saman som arrangørar.
- Tur til Statsarkivet på Kongsberg onsdag 24.april.  
Påmelding til Torkel 41566705, eller Torgunn 93452192.
- "Frå loft til loft i Hjartdal". Besøk til nokre av dei freda husa i bygda.  
HHL ordnar med omvisar.
- Fottur i Sauland i august.  
Ødemarksområdet eller Frølandsmarken.
- Åpne kveldar på biblioteket:  
Vi prøver å få til nokre slike i løpet av året.  
Vi ser gjerne at medlemmer som har noko å bidra med på slike kveldar tar kontakt.



## HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND  
Tlf.: 35023150 to-hy@online.no

Kasserar: Svein Bakkalia, 3692 SAULAND  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje, 3692 SAULAND  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>

*Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgje kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*